

Årsmelding 2010

Det er ein aktiv sesong me legg bak oss også dette året. Me starta laurdag før advent med speling då julegrana vart tent i båthamna, fortsette med adventskonsert i kyrkja og sjølvsgt preludium og postludium på gudsteneste julafta. 4 messingblåsarar frå Jondal var med på begge desse.

Nyåret starta med fellesøving i Jondal. 3 stk derifrå vart så med oss då me spelte i Herand 21.februar i samband med Jondal musikk og kulturskule si 30-års markering. Her var Solveig Marie solist på "Tomorrow", eit fellesnummer med både korpset, Grendakoret og Landsbykoret. Same månad var me på Vikevollen saman med "Visitten", noko som og etter kvart har teke til å bli ein koseleg tradisjon.

Kakelotteri før påske er ein tradisjon me ikkje svikta i år heller. Korpset spelte og det var populært. Mange møtte fram til det, og loddsalet gjekk unna.

17.april var me invitert til å delta på Øystese Musikklag sin konsert. Me hadde ein kjekk tur over fjorden og reiste heim att med ei god kjensle av å ha spelt bra.

Alt veka etter, 25.april, spelte me på Ravnaberg i samband med Streif og ei kunstløype til Mele. Me fekk gode tilbakemeldingar, og lyden bar heilt ned i bygda.

Våren er alltid ei travel tid for korps med 17.mai som høgdepunkt. Me spelte i Jondal og Herand slik me pleier.

10.juni hadde me avslutning i meieriet etter ei kort øving .I tillegg til rikeleg pizza og god prat vart det også utdeling av merke og diplom. Ein må spesielt trekka fram 25-årsjubilantane Gunn og Einar.

15.juni var me saman med Grendakoret som arrangerte sommarkonsert i Hardanger Kulturgalleri. 19.juni hadde Landskapsparken sesongopning, og korpset var eitt av innslaga der. Så me var i god trening då me veka etter spelte på opningsdagen av Handverksmessa.

Mange gjorde også ein dugnadsinnsats for musikklaget på messa. Saman med Idrettslaget hadde me ansvar for billettsalet og noko av tilrigging og oppryddingsarbeidet.

Då me starta att i haust fekk me ganske snart 4 nye medlemmer. Det var me svært glade for, for dessverre var det også 2 som slutta. Håkon og Aleksander takka for seg, og me takkar dei for åra dei har vore med oss.

Me har i haust øvd inn eit konsert repetoar med fleire nye nummer. 11.november arrangerte me konsert i Herand Bedehus, eit arrangement støtta av Jondal Folkeakademi.

Trivselstiltak er viktige og dei største er nok utvilsomt dei gongene Margot og Alvhild har kome med noko godt å eta. Marine Harvest har også sendt vafler til pausekos. Stor takk til alle.

Styret i år har vore:

Ingeborg Huus – leiar

Margot haugen – nestleiar

Alvhild Samland – kasserar

Lars Tore haugen – styremedlem

Margreta Eiken – skrivar

Marit Samland – 1.varamedlem og materialforvaltar

Marit Huus – 2.varamann

Styret har hatt 4 møte